



Dato: 23.02.2016
Vår ref.: 2015/10285-11
Saksbehandlar: robstor
Dykkar ref.:

Varsel om arkeologisk registrering - reguleringsplan fv 561 Kolltveit-Ågotnes - Fjell kommune

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 11 vert det varsla at i samband med melding om oppstart av reguleringsplan for ny veg Fv 561 Kolltveit-Ågotnes, skal det utførast ei arkeologisk registrering i området. Registreringa vil bli utført i vegtraseen frå Kolltveit via Fjæreidpollen til Ågotnes. Etter søk i matrikkelen framkjem dykkar namn og adresse som heimelshavar. Det er Fjell kommune som er tiltakshavar. Den arkeologiske registreringa vert utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det her er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjend. Arbeidet vert utført i veke 8 og framover. Undersøkinga vil bestå av søk etter synlege kulturminne og manuell prøvestikking i marka. Ved prøvestikking sonderar ein fyrst med eit jordborr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grev ein så prøvestikk med spade. Ein grev ned til berg eller steril undergrunnsmasse, prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store. Prøvestikka vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Tiltakshavar, dvs. Fjell kommune, er erstatningspliktig for dei eventuelle skader og ulemper grunneigar måtte bli påført ved undersøkinga. Om De har spørsmål som gjeld den arkeologiske registreringa kan De ta kontakt med sakshandsamar Heidi Handeland på tlf. 55 23 91 72 / 48 18 95 25. Arkeolog i felt kan nås på tlf. 93 23 05 24. Når det gjeld sjølve planen kan ein ta kontakt med utførande plankonsulent Multiconsult Vigdis Berge tlf. 55 62 33 80 eller Fjell kommune ved Einar Lunde tlf. 55 09 73 74.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Robert Stormark
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.